

Tvildemoen Barnehage as
Regimentsvegen 235
5700 VOSS



30.juni 2010


KUNNSKAPSDEPARTEMANGET
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO


HØYRING NYTT FINANSIERINGSSYSTEM FOR IKKJEKOMMUNALE BARNEHAGAR I EIN RAMMEFINANSIERT SEKTOR

Samarbeidsutvalet ved Tvildemoen Barnehage har handsama høyring for nytt finansieringssystem for ikkje kommunale barnehagar i ein rammefinansiert sektor og har følgjande kommentarar:

1. Utrekning av kommunalt tilskot til private barnehagar må vera klar i løpet av første kvartal av eit driftsår for å skape økonomisk tryggleik og slik at det vert mogleg å planlegga økonomien for året.
2. Kommunen må visa fullstendige budsjett og rekneskapstal som gjer at private barnehagar kan kontrollera at det vert økonomisk likehandsaming.
3. Det må vera klare og forståelege tal som ligg til grunn for utrekningane. Utrekning må forenklast ein del og vera mogleg å lett kontrollera. Det må vera slik at kvar barnehage kan rekna seg til korleis omtrent deira tilskot vil verta for komanda år (jfr statstilskotet). Kort sagt; utrekninga må forenklast.
4. Det må vera to utrekningar i året: 15.august og 1.januar for å få med seg ei evt endring i barnetalet/alder på barn.
5. Alle kommunar må ha tilsette som har god økonomisk kompetanse for å handsame tilskot som kjem til kommunen/barnehagane.
6. Om ein mottete tilskot i "god tru" – så kan ikkje barnehagen lastas for feil reknemåte eit år etter. Dette må i tilfelle kommunen ordne opp i så raskt som råd er. Det er kommunen som skal ha den økonomiske kompetanse og evt er ansvarleg for å gjere alle utrekningar rett/sjekke at det stemmer med det som barnehagen har rett på.
7. Søskenmoderasjon må koma barnehagen til gode og gå klart fram i utrekninga kva som er søskenmoderasjon.
8. Ordet "bør" burde vore erstatta med "skal" i høyringa.
9. Det må vera forståing for at personar som har investert av personleg kapital kan ta ut utbytte.

Med helsing frå Tvildemoen Barnehage


Heidi Olsen Nedkvitne, og
Dagleg leiar


Jorunn Hauge,
Foreldrerepresentant SU